



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato
03.12.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/4385 471
Dykkar referanse

Etne Containerservice AS

Rapport frå inspeksjon ved Etne Containerservice AS 21. oktober 2015

Rapportnummer: 2015.006.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Eivind Vik og Torbjørn Gundegjerde

Frå Fylkesmannen i Hordaland:

Hallvard Hageberg og Astrid Holte

Erik Kvalheim, Etne kommune var og til stades på delar av inspeksjonen.

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 4 avvik og har gitt 1 merknad under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Lagring av avfall
- Handtering av farleg avfall
- Utforming og drift av anlegget
- Internkontroll

Avvika og merknadene er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Etne Containerservice AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. mars 2016** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Astrid Holte
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Etne kommune v/Erik Kvalheim

1. Informasjon om verksemda

Namn: Etne Containerservice AS	Risikoklasse: 4
Besøksadresse: Steinshagen, 5590 Etne	
Postadresse: Steinshagen, 5590 Etne	
E-post: etne-ss@online.no	Telefon: 917 24 665
Kommune: Etne	Organisasjonsnr.: 972227242
Bransjenr. (NACE-kode): 37000 – Oppsamling og behandling av avløpsvatn	Eigar (org.nr.): 958260563
Løyve av: 2. juli 2012	Siste tilsyn: Dette er første tilsyn

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i løyve og forureiningslova med forskrifter blir haldne. Verksemda fekk utsleppsløyve i 2012, og dette er første tilsyn ved verksemda.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Krav i løyve fra fylkesmannen av 2. juli 2012
- Utslepp til luft, vann og grunn
- Handtering av avfall og farleg avfall
- Internkontroll med vekt på risikovurdering og rutinar

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. mars 2016** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

4. Kontrollgebyr

Etne Containerservice AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 4. Dette betyr at de skal betale 4 700 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- utsleppsløyvet av 2. juli 2013
- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Avfall vert ikkje lagra i tråd med krav i løyvet

Avvik frå:

- Løyve punkt 1 Rammer
- Løyve punkt 4.1 Krav til anlegget
- Løyve punkt 4.2 Lagringstid og lagringsmengder

Kommentar til regelverket:

Området løyvet gjeld for

Løyvet gjeld avfallsaktivitet på gnr. 23 bnr. 20 i Etne.

Lagringstilhøve

Lagring av avfall skal skje på tett flate og under tak.

Avfallsmengder på lager

Verksemda kan ha maksimalt 300 tonn avfall på lager. Det er sett følgjande krav til lagringstid:

- blanda usortert næringsavfall kan lagrast i 3 verkedagar
- restavfall til slutthandsaming kan lagrast i 1 månad
- sortert avfall til gjenvinning kan lagrast i 12 månader

Avviket er basert på følgende observasjoner:

Lagerområdet

Verksemnda lagra avfall på nabotomta, utanfor området som er dekket av løyvet.

Avfallsmengder på lager og lagringstilhøve

Ved tilsynet 21. oktober hadde verksemnda følgende avfall på lager:

Avfallstype	Mengde	Lagringstid	Dekke	Tak
Blanda usortert næringsavfall	25 tonn	Sidan fredag 16. oktober, 5 dagar	Betong	Innandørs
Plastemballert restavfall	395 tonn	Sidan 20. august, 2 månader	Grus	Ute
Trevirke	46 tonn	Mindre enn 12 månader	Asfalt	Ute
Papp	50 tonn	Mindre enn 12 månader	Betong	Innandørs
Gips	10 tonn	Mindre enn 12 månader	Betong	Innandørs
Plast	45 tonn	Mindre enn 12 månader	Betong	Innandørs
Stål	20 tonn	Mindre enn 12 månader	Jord	Ute i container

- Samla mengde avfall på lager ved tilsynet var 591 tonn. Dette er over kravet på maksimalt 300 tonn avfall på lager.
- Blanda usortert næringsavfall var lagra i 5 dagar. Dette er over kravet til maksimal lagringstid på 3 dagar.
- Restavfall til slutthandsaming var lagra i 2 månader. Dette er over maksimal lagringstid på 1 måned.
- Fleire avfallsfraksjonar var lagra utandørs utanfor tett flate. Dette er ikkje i tråd med kravet til lagring på tett flate og under tak.

Avvik 2: Farleg avfall vert ikkje handtert i tråd med krav i løyvet

Avvik frå:

- Løyve punkt 5 Krav til mottak og lagring av farleg avfall

Kommentar til regelverket:

Avfallstypar og handsaming, deklarasjon og journalføring

Løyvet omfattar mottak av to typar farleg avfall; trevirke og blybatteri. Ved mottak av slikt avfall skal Etne Containerservice AS sjå til at avfallet er deklarerert og føre journal. Løyvet omfattar ikkje mottak av andre typar farleg avfall eller innsamling av farleg avfall. Den som driv innsamling av farleg avfall må ha per i dag ha løyve frå Miljødirektoratet.

Kapittel 11 i avfallsforskrifta er nyleg endra, og frå 1. januar 2016 fell kravet om løyve til innsamling bort. Det er òg andre endringar som verksemder som handterer farleg avfall må gjere seg kjent med.

Lagring

I løyvet er det sett krav til at lagring av farleg avfall skal skje innandørs og på tett dekke, og at farleg avfall ikkje skal blandast med anna avfall. Kravet til lagring gjeld både farleg avfall som verksemnda tek imot frå andre, og feilleveransar av farleg avfall som vert sortert ut.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Avfallstypar og handsaming, deklarasjon og journalføring

Verksemda har samla inn asbest og PCB-haldige isolerglasruter hos kundar og transportert dette til HIM på Toraneset utan å ha løyve til innsamling eller mottak av slikt avfall.

Verksemda har ikkje sørga for at dei som leverer det farlege avfallet har deklarerert dette, men har i staden ført Etne Containerservice AS som leverandør av det avfallet dei har henta hos andre. Det er ikkje ført journal med opplysningar om det farlege avfallet.

Lagring

Utsortert farleg avfall var lagra innandørs på betongdekke, men området var ikkje merka. Lagerområdet var uryddig og dels blanda med anna avfall og plassert slik at det var utsett for påkjørsel.

Det var lagra fleire 200-litersfat med ukjent innhald ute på området. Fata kan innehalde farleg avfall. Fata var lagra på grus som ikkje er rekna som tett dekke, og dei var ikkje lagra innandørs. Fata eller lagerområdet var ikkje merka. Det var ikkje synleg lekkasje frå fata ved tilsynet.

Avvik 3: Utforming og drift av anlegget er ikkje i tråd med krav i løyvet**Avvik frå:**

- Løyvet punkt 1.4 Utforming av anlegget
- Løyvet punkt 3.1 Utslepp til vatn og grunn
- Løyvet punkt 3.3. Lukt, støv, forsøpling
- Løyvet punkt 4.1. Krav til anlegget

Kommentar til regelverket:

Krav til gjerde

Anlegget skal vere inngjerda og låst utanom ordinær driftstid eller når ingen er tilstade.

Utslepp til grunnen

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen.

Forsøpling og skjemmande lagring

Nærmiljøet rundt anlegget skal ikkje verte forsøpla. Avfallet skal handterast og lagrast slik at det ikkje er skjemmande.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Krav til gjerde

Anlegget mangla gjerde på delar av området.

Utslepp til grunnen

Store delar av området ute har dekke av jord/grus. Dette fører til fare for utslepp til grunnen. Ved tilsynet var det synleg oljefilm på grusen fleire plassar. Området var ikkje innretta for oppsamling av evt. forureining.

Forsøpling og skjemmande lagring

Ein del avfall og andre gjenstandar var lagra på ein slik måte at det kan oppfattast som skjemmande.

Avvik 4: Internkontrollen har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7 om rutinar
- Løyve punkt 2.5 Krav til kompetanse om farleg avfall og ee-avfall
- Løyve punkt 4.3 Informasjon til kundar
- Løyve punkt 4.4 Dokumentasjon og mottakskontroll

Kommentar til regelverket:

Rutinar og avvikshandsaming

Verksemnda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav i løyvet eller andre krav i miljøregelverket. Rutinane skal vere skriftlege.

Kunnskap om farleg avfall

Verksemnda skal ha naudsynt kompetanse om farleg avfall, m.a. for å hindre at farleg avfall blir blanda med anna avfall. Verksemnda skal ha plan for kompetanseutvikling.

Informasjon til kundar

Verksemnda skal informere alle kundar om kva type avfall som kan leverast til anlegget. Det er særleg viktig med informasjon om at farleg avfall og EE-avfall ikkje kan blandast med anna avfall.

Mottakskontroll

Mottakskontrollen skal vere eit aktivt system og omfatte rutinar som hindrar at ulovleg avfall vert levert til anlegget, og utsortering av ulovleg avfall dersom det vert levert. Ulovleg avfall skal registrerast og følgjast opp som avvik.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Rutinar og avvikshandsaming

Ein del av rutinene som vart gjennomgått under tilsynet hadde manglar;

- Handtering av farleg avfall: rutinane var mangelfulle og ikkje skriftlege.
- Drift av oljeutskiljar: rutinane var ikkje skriftlege
- Avvikshandsaming: verksemnda førte avvik, men retting av avvika var ikkje alltid dokumentert i avvikssystemet.
- Opplæring om farleg avfall, sjå under
- Informasjon til kundar, sjå under
- Mottakskontroll, sjå under

Kunnskap om farleg avfall

Verksemnda hadde manglande kunnskap om kva avfall som var farleg avfall. Fleire av dei tilsette var nye og under opplæring, mellom anna gjaldt dette dagleg leiar og han som sorterte avfallet. Manglande kunnskap om kva som er farleg avfall er særleg kritisk når verksemnda ikkje har skriftlege rutinar for mottakskontroll.

Informasjon til kundar

Etne Containerservice AS opplyste at dei informerte kundar om kva type avfall dei kunne ta imot, mellom anna når dei gjorde avtale om henting. Dei hadde hatt eit informasjonsark om kva avfall som kunne leverast, men dette var ikkje tilgjengeleg ved tilsynet (på grunn av dataproblem). Verksemda kunne ikkje dokumentere rutinar for informasjon til kundar, eller døme på skriftlege avtalar med informasjon om at t.d. farleg avfall og EE-avfall ikkje kan blandast med anna avfall, og kva for typar avfall verksemda kan/ikkje kan ta imot.

Mottakskontroll

Verksemda opplyste at dei tok imot mykje bygg- og anleggsavfall, men at dei ikkje hadde rutine for å sjekka om det var gjennomført kartlegging og utsortering av farleg avfall før mottak av slikt avfall.

Verksemda opplyste at dei sjekka avfallet for ulovlege fraksjonar ved tømning i hallen. Det var ikkje skriftlege rutinar for kva avfall som skulle sorterast ut og korleis funn av ulovleg avfall skulle følgjast opp.

8. Merknader

Vi har gitt følgjande merknadar under inspeksjonen:

Merknad 1:

Verksemda må sikre at mottak, omlasting og lagring av plast frå Fatland skjer i tråd med vilkåra i løyvet.

Kommentarar:

Verksemda opplyste at dei tok imot plast frå Fatland slakteri, og at dette kan innehalde restar av våtorganisk avfall. Etne Containerservice AS har ikkje løyve til å ta imot våtorganisk avfall. Verksemda må sikre at platen som vert omlasta eller lagra på området i Steinshagen ikkje inneheld våtorganisk avfall.

Innsamling og transport av våtorganisk avfall direkte frå avfallsprodusent til avfallsmottak krev ikkje særskilt løyve etter forureiningslova. Det er ein føresetnad at innsamling og transport skjer på ein slik måte at det ikkje fører til forureining (om naudsynt i væsketette containarar), jf § 7 i forureiningslova. Dersom verksemda vil omlaste eller mellomlagre slikt avfall, må det søkjast særskilt om dette.

9. Andre forhold

Styreleiar orienterte om at verksemda ønsker å satse på avfallshandtering framover, og at dei det siste året har gjort endringar i organiseringa for å legge til rette for framtidige investeringar.

Verksemda informerte om at dei vil søke om endringar i løyvet, og at dei vil sende søknad om dette saman med tilbakemelding på retting av avvik.